

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	10.02.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/4841-2
<b>Dykkar referanse</b>	21/10570 - 22/1785
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

## Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg – gnr. 244, bnr. 4 - Eidsnes indre - Alver kommune

Vi viser til brev datert 10.01.2022 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 244, bnr. 4 i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi ber om årsak for lang saksbehandlingstid.

### Landbruksveg

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Sør for det omsøkte tiltaket ligg *eit automatisk freda kulturminne frå steinalder Askeladden id. 157799*. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i den aktuelle traseen vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

### Hogst

Vi ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv skal varslas om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Det er registrert eit automatisk freda kulturminne i område, *Askeladden id. 157799*. Vi viser i denne samanheng til § 3 i kulturminnelova:

#### ***Forbud mot inngrep i automatisk fredete kulturminner.***

Ingen må – uten at det er lovlig etter [§ 8](#) – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- Gnr – Bnr – kommune
- Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsveggar, velteplassar, m.m.
- Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.
- Planlagt oppstartsdato
- Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**

leiar

KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**

seniorrådgjevar

KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*